

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 49/2003


Møtedato: 10.9.03

Arkiv nr:

S 528 OG S 529, N.GILEN – GRENSEJUSTERING

I sak 82/01 gjorde fjellstyret følgende vedtak:

Fjellstyret godkjenner grensejustering mellom S 529 og S 528 som vist på skisse.



Begge parter har skrive under på avtalen om grensejustering.

I sak 81/2002 gjorde fjellstyret følgende vedtak:

Fjellstyret fastsett frist til 1. juli 2003 med å gjennomføre avtalen.

Knut Einar og Sigrid Rognes har gjerda frå B til C, medan Torger Hålien ikkje har gjerda sin del. Hålien har no inngjerda del av stølsjordet som i sak 81/2001 vart vist ut til Rognes.

Hålien har fått skriftleg melding med siste frist til den 28. august til å endre inngjerdinga. Det er likevel ikkje gjennomført.

VEDTAK:

Avtalen som begge parter har skrive under på er bindande. Hålien pliktar derfor å flytte gjerde i samsvar med avtalen. Dersom Hålien ikkje straks oppfyller avtalen, må fjellstyret ta nødvendige steg for at avtalen blir oppfylt.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 11.9.03.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Torger Hålien
Knut Einar og Sigrid Rognes
Statskog